



Område C3 må framleis vera campingområde, held velforeininga fram. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Rabbel Vel vil på det sterkaste be om at kommunen no gjer sitt beste for å få med område C3 som campingområde, heiter det i ei uttale til reguleringsplanen. Rabben Camping har no stått på vent i over to år og lid under det, blir det understreka.**

Eigaren har no strekt seg for å imøtekomma krav som har vore framsett mellom anna frå kommunen og velforeininga synest difor at ein bør sjå på byggjeforbodet ved campingen. Foreininga minner om at Rabben også er eit serviceanlegg som også kommunen bør være glad for.

- Med rikeleg nok motgang frå alle kantar ser me for oss mogelegheiten for avvikling av campingen i Uskedalen med dei ringverknader dette nødvendigvis får både for butikk, bensinstasjon og trelastlager, skriv foreininga. Rabben Vel vonar no på forståing for dette og at ein kan komma vidare i denne saka til beste for alle partar. No hastar det, held foreininga fram. Det er Jostein Eike som har skrive under på vegne av styret.

Han har og sendt uttale til fylkesmannen der han på vegne av Rabben Vel seier seg einig i at strandsona skal vera open for ålmenn ferdsle og foreininga meiner også at den er både open og lagt til rette for ålmenn bruk. Vognene som no står på C3 stod før heilt ute mot elvekanten men vart av kommunen forlangt flytta fram til noverande plassering fordi tilgjenget mot elva skulle bli betre. Dette vart gjort og no er tilgjenget mot elva god og med fleire tildels fine og opparbeida fiskeplassar. Samstundes står vognane slik at heile strandsona er open for ålmenn ferdsle.

Området i si heilheit er opparbeidd og tilrettelagt som eit samarbeid mellom Rabben Feriesenter og camparane som står på plassane. Vedlikehald som plenklypping, rensking av tang på badestrand, plukking av attglymd boss og liknande er eit arbeid som i si heilheit blir utført av camparane og velforeininga.

Den ser for seg at området blir tilvakse og ikke halde vedlike som i dag hvis vognene blir fjerna.

Av Ola Matti Mathisen